Referat

Til stades:	Maria Høgetveit Berg – leiar, Nils Øyvind Bergset - nestleiar (var ikkje med på sak 8, 10, 11 og 12), Aslak O. Brimi, Tor Stallvik, Torunn Raftevold Rue – 1.vara, Dag Hovda Sture – 3.vara (var ikkje med på sak 7-8,og 10-13).
Tid:	Onsdag 16.februar kl.10-18
Stad:	Schous

Sakliste

Styresak 2011/01 Innkalling og sakliste

Styresak 2011/02 Orienterings- og referatsaker

Styresak 2011/03 Rapport frå Kvile-utvalet om NM i folkemusikk

Styresak 2011/04 Tema for seminar til årsmøtet

Styresak 2011/05 Utkast til årsmelding

Styresak 2011/06 Vedtekter – sak til årsmøtet

Styresak 2011/07 Utkast prinsipprogram og handlingsplan

Styresak 2011/08 Møtegodtgjersle og styrehonorar

Styresak 2011/09 Diverse Landsfestival og Landskappleik

Styresak 2011/10 Dansescene på Folkelarm

Styresak 2011/11 Øivind Berghs minnepris

Styresak 2011/12 Retningsliner for Yrkesutøvarforum

Styresak 2011/13 Eventuelt

Styresak 2011/01 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Styresak 2011/02 Orienterings- og referatsaker

a) Div. orienteringar frå administrasjon/styreleiar
b) Pensjonsordning
c) Representasjon på musikkting i Norsk musikkråd og Musikkens studieforbunds representantskapsmøte.

Vedtak: Orienteringssakene vart tekne til orientering med følgjande merknader:

a) Frå styreleiar: Besøk hos dronninga – ho var godt orientert. Etter førespurnad frå Sigrid Bø, har styreleiar på vegne av FolkOrg skrive eit tilrådingsbrev om at Agnes Buen Garnås skal verte statsstipendiat. Frå dagleg leiar: personalseminar.

d) Økonomi: Ga informasjon ut frå ein foreløpig rapport. Endeleg rapport til neste møte, og administrasjonen kjem med ei vurdering av årets budsjett i forhold til resultata og kjem med framlegg til innsparing.

e)Torunn Raftevoll Rue har vore på årsmøte i Telemarksfestivalen.

Styresak 2011/03 Rapport frå Kvile-utvalet om NM i folkemusikk

Vedtak: Vi sender rapporten ut på høyring til alle laga no, med frist oktober/november og med eit vedleggsnotat frå styret om kva ein ønskjer svar på og ein tidsplan. Påminning etter sommaren. Rapporten og høyringssvara vert utgangspunkt for seminar på årsmøte 2012, endeleg vedtak i 2013.

Styresak 2011/04 Tema for seminar til årsmøtet

Vedtak: Tema på seminaret under Årsmøtet 2011 blir: Informasjonsarbeidet i FolkOrg (60 min) , Styreweb (60 min). Informasjon om tevlingsreglementet (20 min).

Styresak 2011/05 Utkast til årsmelding

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med årsmeldinga med dei signal styret ga i møtet. Nytt framlegg blir sendt ut på e-post til styret, og blir drøfta per e-post slik at årsmeldinga er klar til vedtak i neste styremøte.

Styresak 2011/06 Vedtekter – sak til årsmøtet

Vedtak: Nils Øyvind Bergset arbeider vidare med vedtektene ut frå signala som blei gitt i møtet, og kjem med eit endeleg framlegg til neste styremøte.

Styresak 2011/07 Utkast prinsipprogram og handlingsplan

Vedtak: Administrasjonen arbeider vidare med prinsipprogram og handlingsplan ut frå dei signala som blei gitt i møtet. Nytt framlegg blir sendt ut på e-post til styret, og blir drøfta per e-post slik at planen er klar til vedtak i neste styremøte.

Styresak 2011/08 Møtegodtgjersle og styrehonorar

Vedlegg: Saksnotat 2011/08

Vedtak:

Styremedlem får kr 1500 per møtedag og inntil 1500,- i tapt arbeidsforteneste per dag, (dokumentert tapt arbeidsforteneste eller tapt frilansinntekt) under føresetnad av at det er heildagsmøte. Vi har 5 styremøte i året, der 2 er todagarsmøte.

Godtgjersle til AU; Fast godtgjersle til styreleiar kr 50.000,-, utan møtehonorar i tillegg. Nestleiarane får 30.000,-, og ikkje møtehonorar i tillegg.

Vi kallar ikkje inn vararepresentantar til styret etter årsmøte 2011, med mindre det er forfall frå dei faste medlemene.

Styresak 2011/09 Diverse Landsfestival og Landskappleik

Vedtak:

A: Vedtektsendringar Landskappleik og Landsfestival:

Endringar i bokstav A, generelle reglar: Følgjande tillegg blir gjort i punkt "5.Tevling" 2.kulepunkt: *"Utøvarane kan spele 2 slåttar eller fleire slåttar i kuler med maksimum 5 minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter"*

Følgjande tillegg blir gjort i punkt "9. Premiering" 1.kulepunkt: *"Premielistene skal ha plassiffer og poengsummar for alle deltakarane, med unntak av open klasse"*

C. Vedtektsendringar Landsfestivalen i gammaldansmusikk (NM i runddansmusikk):

15. Klasseinndeling på Landsfestival

Det blir tevla i følgjande klassar:

Solo durspel	Senior og junior
Solo fele/hardingfele	Senior og junior
Solo andre instrument	Senior og junior
Open klasse	
Lagspel	
Grupper	
Pardans	Senior og junior

Gruppespel

- *Ein kan stille med same instrument to gongar i 2011.*

B: LF 2012; Vi avventar endeleg vedtak til etter Landsmøte i NU i april 2011, og om Steinkjer då finn løysing kring alkoholservering, blir LF 2012 på Steinkjer. Om det ikkje går, kan Vågå ta på seg arrangementet i 2012. Vi tar samtidig kontakt med røynde arrangørar for å finne alternativ.

Søknadfrist for LF 2013 og 2014 blir 1.september 2011.

Ekstrasak: Deltakeravgift på LK i 2011 blir 290,- per deltakar senior, halv pris junior.

Styresak 2011/10 Dansescene på Folkelarm

Vedtak: Saken utsettes til neste styremøte

Styresak 2011/11 Øivind Berghs minnepris

Vedtak: Framlegg til samarbeidsavtale vart vedteke. Vi spør Jorun Marie Kvernberg eller alternativt Gjermund Larsen om å vere vår representant til juryen,.

Styresak 2011/12 Retningsliner for Yrkesutøvarforum

Vedtak:

Saka utsettast.

Styresak 2011/13 Eventuelt